

Soga om den store stolleiken

(Ein alternativ halvårsrapport av energiråd Ragnar Semundseth, januar 2024)

Vintersolverv hadde passert, og i Brussel byrja mange å sjå fram mot lysare tider. Verda var prega av krig og konflikt, men det såg i alle fall ut som energikrisa hadde roa seg noko. Ved inngangen til vinteren hadde gasslagera vore breiddfulle, og grannar i nord og vest hadde gjort sitt for å erstatte gassleveransane frå den upålitelege naboen i aust ⁱ. Samstundes gjekk utbygging av sol- og vindfangarar framover i eit høgt tempo, sjølv om fleire meinte det burde ha gått endå raskare ⁱⁱ.

Medan den første energikrise-hausten var prega av ei endelaus rekkje krisemøter, hadde det gått i meir normalt tempo sist haust. Dei europeiske avgjerdstakarane hadde faktisk hatt arbeidsro til å handsame ei mengd saker ⁱⁱⁱ. Sant å seie var det ikkje så mykje meir å gjere utover vinteren og våren. Men keisamt ville det ikkje bli. For no var det straks klart for den store stolleiken ^{iv}.

Stolleiken var populær i EU-hovudstaden, og mange ville vere med. Men det var ei øving mange òg såg fram til med ei viss uro. Det var ikkje moro å bli ståande attende utan ein stol. Og for den som tapte, venta ofte den store stilla ^v.

Like underhaldande som sjølve stolleiken, var ordskiftet om spelereglane på førehand. Ordskiftet kunne vere omfattande, sidan reglane gjerne vart endra frå gong til gong. Og av og til var det ikkje eingong dei skrivne reglane som gjaldt.

Ifølgje regelboka skulle det vere 750 stolar i Alltings-leiken. Men då spelereglane vart framforhandla, vart ein ekstra stol sett inn i rommet. Kreative hovud meinte dette var uproblematisk, sidan ein ikkje trengde å telje med formannen sin stol. På den måten var 751 stolar eigentleg 750, eit kompromiss i overkant kreativt sjølv til Brussel å vere ^{vi}.

Då britane bestemte seg for å gå ut av leiken, vart talet stolar redusert til 705. Og før den komande leiken hadde nokre land greidd å krangle til seg fleire stolar. Difor var det 720 stolar å konkurrere om denne gongen ^{vii}.

Det var eigne reglar for kommissær-stolar. Ifølgje Lisboa-reglane skulle det vere 18 slike, og desse skulle medlemslanda dele på i ei streng rotasjonsordning ^{viii}. Som det falt seg, var det ingen som brydde seg om dette. Alle land insisterte på ein eigen kommissær-stol, som forståeleg kan vere. Difor var det 27 stolar å konkurrere om.

Kommisjonsleiken gjekk over fleire omgongar. Fyrst skulle formannsstolen fyllast ^{ix}, deretter kunne ein konkurrere om dei resterande stolane ^x. I siste runde måtte vinnarane forsvare plassane sine i eit ordskifte med Alltinget. Det kunne gå hardt føre seg ^{xi}. For den som ville ha fast sete i Det europeiske rådet, var det berre ein stol å konkurrere om. Til gjengjeld vart denne stolleiken gjennomført dobbelt så ofte som parlamentsleiken og kommisjonsleiken ^{xii}.

Medan britane ikkje lenger deltok, hadde nordmennene aldri vore med. Men det tyda ikkje at dei var uinteresserte. Dei var tvert imot svært aktive tilskodarar, og mange reiste i skytteltrafikk til og frå Brussel ^{xiii}. Ein av dei var Terje frå Aaslandet. Han var leiar av energi-klanen, og ein ettertrakta mann i Brussel. Årsaka var openberr: Han sørgde for auka gass-leveransar i ei

krevjande tid, og han hadde store vyer for alle typer vedvarande energi. I tillegg var han ein pioner på å fange og lagre karbon, ein metode mange ynskja å lære seg ^{xiv}.

Denne hausten hadde Terje frå Aaslandet vore på fleire reiser til Brussel, mellom anna for å møte Kadri frå Austerled ^{xv}. Dei to hadde møtt kvarandre ei rekkje gonger før og stemninga var god. «Sjølv om du ikkje deltek i stolleiken, er du framleis ein del av familien» ^{xvi}, peika Kadri på.

No var det 30 år sidan kongeriket i nord hadde inngått ei omfattande pakt med dei europeiske naboane sine. Det var kanskje ikkje snakk om ei lykkeleg ekteskapspakt, men snarare eit fornufts-sambuarskap. Men tre tiår er under alle omstende lang tid, og ei markering med bobler og perler er ikkje å forakte ^{xvii}.

Takk for bistand og innspel frå gode kollegaer i Brussel og Oslo.

ⁱ [State of the Energy Union](#)-rapporten frå 24. oktober slår fast at «the EU has successfully managed to avoid the worst of the energy crisis». I rapporten viser Kommisjonen til at gassimporten frå Russland har sunke frå 155 til 40-45 milliardar kubikkmeter (bcm) frå 2021 til 2023.

Den russiske gassen har i stor grad vorte erstatta av røygass frå Noreg og LNG frå USA. LNG-importen frå USA meir enn dobla seg frå 2021 til 2022, frå 18,9 til 49,3 bcm. Røygass frå Noreg auka frå 79,26 bcm i 2021 til 86,69 bcm i 2022.

EU har innført nye reglar om fylling av gasslager. Kravet er ein fyllingsgrad på over 90 prosent før vinteren sett inn. I 2023 vart [målet nådd meir enn to månader før fristen](#).

EU-landa har òg redusert gassforbruket sitt, med heile 18 prosent sammenlikna med gjennomsnittet dei foregåande fem åra. Ifølgje Kommisjonen er EU godt på veg til å nå målet om å bli uavhengig av russisk fossil energi innan 2027.

ⁱⁱ For å gjere seg mindre avhengig av å importere energi, jobber EU-landa hardt med å auke eigenproduksjonen. I 2022 vart det installert heile 57 gigawatt (GW) produksjonskapasitet for fornybar energi, fordelt på 41 GW solenergi og 16 GW vindkraft.

For å nå målet om ein samla fornybarandel på 42,5 prosent innan 2030 trengs det imidlertid ei betydeleg høgare utrullingstakt, noko Kommisjonen påpeika i ei [melding](#) frå 18. desember. Særleg ser det utfordrande ut for vidare utbygging av vindkraft. EU-kommisjonen la i oktober fram ein [handlingsplan](#) for å adressere problema i vind-sektoren.

Kommisjonen har i tillegg lagt fram ein [handlingsplan for raskare utbygging av straumnett](#). Her anslår Kommisjonen at straumforbruket i EU vil auke med rundt 60 prosent frå i dag til 2030. For å oppfylle måla i fornybardirektivet må samla kapasitet for vindkraft og solenergi auke frå 400 GW i 2022 til minst 1000 GW i 2030.

iii Dei siste månadene har EU-institusjonane greid å bli samde om ei rekkje saker, mellom anna:

- [Energieffektiviseringsdirektivet](#), som tredde i kraft i EU 10. oktober.
- [Fornybardirektivet](#), som tredde i kraft i EU 20. november.
- [Metanforordninga](#), der ein kom til semje i trilog-forhandlingar 15. november.
- [REMIT-forordninga](#), semje i trilog-forhandlingar 16. november.
- [Nye reglar for økodesign](#), semje i trilog-forhandlingar 5. desember.
- [Bygningsenergidirektivet](#), semje i trilog-forhandlingar 7. desember.
- «[Hydrogen- og avkarbonisert gass](#)»-pakka, semje i trilog-forhandlingar 8. desember.
- [Nye reglar for elektrisitetsmarknaden](#), semje i trilog-forhandlingar 14. desember.

På det siste møtet før jol, vart energiministrane òg samde om [vidareføring av ulike krisetiltak](#): ein mekanisme for justering av gassprisen, solidaritetsreglar for gassmarknaden, samt raskare konsesjonshandsaming av fornybar energi.

iv [Val til Europaparlamentet](#) blir halde 6. - 9. juni i år. [Kommisjonen](#) sin mandatperiode går ut 31. oktober.

Den som er usikker på kva den opprinnelege stolleiken går ut på, kan lese seg opp [her](#).

v Det er ei kjent sak at mange politikarar fryktar for kva som skal skje den dagen dei går ut av politikken. Tidlegare utanriksminister Bjørn Tore Godal skriv om dette i boka [Utsikter: store lille Norge i en ny verden](#) frå 2003. Fyrste kapittel har tittelen *Stillheten etterpå*, og her er eit utdrag: «Strømmen av dokumenter, møter, reiser og telefoner stansar brått og nesten uvirkelig, selv om en avgått statsråd alltid skjønner hvorfor (...) «Den store tomheten» er til å begynne med en like dekkende beskrivelse av tilværelsen som følelsen av igjen å være et fritt menneske».

14. november 2023 vart same tema debattert i [Politisk kvarter](#), der NRK spør om det er frykten for stille som gjer at politikarar tvilheld på makt.

vi Det gjekk hett for seg då Lisboa-traktata vart forhandla i 2007. Som det står skrive i relativt nøkterne ordelag på [Wikipedia](#): «Italy would have been the greatest loser under the Lisbon system and sought the same number of MEPs as France and the United Kingdom. Italy raised the issue during treaty negotiations and succeeded in gaining one extra MEP (giving it the same as the UK) while the President of the European Parliament would not be counted as a lawmaker hence keeping the number of MEPs to the 750-seat limit». I traktaten heiter det i dag at “The European Parliament (...) shall not exceed seven hundred and fifty in number, plus the President”.

vii Før parlamentsvalet i 2024 har Frankrike, Spania og Nederland greid å krangle til seg [to nye stolar kvar](#). Østerrike, Danmark, Belgia, Polen, Finland, Slovakia, Irland, Slovenia og Latvia har fått ein ny stol kvar.

viii Som det heiter i [traktaten](#): “the Commission shall consist of a number of members (...) corresponding to two thirds of the number of Member States, unless the European Council, acting unanimously, decides to alter this number. The members of the Commission shall be chosen from among the nationals of the Member States on the basis of a system of strictly equal rotation between the Member States (...)”.

ix Ifølgje traktaten blir kommisjonspresidenten vald slik: «Taking into account the elections to the European Parliament and after having held the appropriate consultations, the European Council, acting by a qualified majority, shall propose to the European Parliament a candidate for President of the Commission. This candidate shall be elected by the European Parliament by a majority of its component members.

I røynda er det altså medlemslanda i Det europeiske råd som peikar ut kommisjonspresidenten. Mange parlamentarikarar er djupt misfornøgd med dette, og meiner parlamentet burde peike ut kommisjonspresidenten. Her kan du finne ei innføring i den såkalla [Spitzenkandidat-diskusjonen](#).

^x Medlemslanda i Rådet og den påtroppande kommisjonspresidenten skal saman finne aktuelle kommissær-kandidatar. På traktat-språk: "The Council, by common accord with the President-elect, shall adopt the list of the other persons whom it proposes for appointment as members of the Commission".

^{xi} Påtroppande EU-kommissærar må gjennom høyringar i EU-parlamentet før dei kan tiltre. Det er ikkje uvanleg at dette går dårleg, og at Rådet og den påtroppande kommisjonspresidenten velgjer å finne nye kommissær-kandidatar. Parlamentet kan formelt ikkje seie nei til enkeltkommissærar men skal godkjende heile laget, altså alle kommissærene, samt kommisjonspresidenten og høgrepresentaten for utanrikspolitikk og sikkerhetspolitikk. Når dette er gjort, blir heile Kommisjonen formelt utpeika av medlemslanda i Det europeiske råd, om naudsynt ved kvalifisert fleirtal.

^{xii} [Frå EU-traktaten artikkel 15](#): "The European Council shall elect its President, by a qualified majority, for a term of two and a half years, renewable once".

^{xiii} Den norske EU-delegasjonen i Brussel mottok kvart år [fleire tusen besøkande](#). I fjor var talet rundt 10.000, fordelt på 400 ulike grupper.

^{xiv} Dei siste par åra har det vore ei stor utvikling når det gjeld planar for karbonfangst og -lagring i Europa. Her finn du ei [oversikt](#). Fleire fangsprosjekt har fått støtte gjennom EU sitt [innovasjonsfond](#), medan 14 grensekryssande CCS-prosjekt står på den siste lista over såkalla «[Projects of Common/Mutual Interest](#)». Sistnemnde kan få støtte gjennom Connecting Europe Facility, og i siste tildeling gjekk [rekordmykje til CCS-prosjekt](#) – inkludert 131 millionar euro til Northern Lights-prosjektet.

^{xv} Energiminister Terje Aasland [vitja Brussel](#) 24. oktober, og møtte då energikommissær Kadri Simson i den veletablerte energidialogen.

Aasland vitja Brussel på nytt 20. november, då han held [innlegg](#) på European Hydrogen Week. Han var òg til stades då Yara og Northern Lights underteikna ei [avtale](#) om frakt av CO2 frå Yara sitt fanstanlegg til Nederland til permanent lagring i Noreg.

EU-kommisjonen legg stor vekt på å utvikle ein hydrogenmarknad, og å støtte produksjonen av hydrogen. Her finn du [ei oversikt over tiltaka](#).

^{xvi} Journalistar opererer ofte med to typer sitat – dei som er ordrett gjengjevne, og dei som gjengjev meningsinnhaldet. Dette er et døme på det siste, der det samstundes er tatt store fridomar i omsetjinga. Her er den originale [teksten](#): «I can say with confidence that Norway and the EU share the same values, the same goals, and we are both on a common path forward with the Green Alliance. As an EEA country, Norway is as close to the EU as it is possible to be, without actually being a Member State».

^{xvii} [EØS-avtala](#) trådte i kraft 1. januar 1994, og [har altså fylt 30 år](#). Hadde det vore snakk om eit ekteskap, hadde det vore eit såkalla perlebryllup som nok hadde vorte feira med bobler (sjampanje).